



BJØRNAFJORDEN KOMMUNE SAMFUNNSUTVIKLING
Postboks 84
5202 Os

Sakshandsamar:
Anette Heggøy

Rapport frå inspeksjon ved avløpsanlegga i Os tettstad Kontrollnummer: 2020.076.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå Bjørnafjorden kommune:

Tore Andersland
Agnete Haugland
Robert Flister
Maria Bugge Kjær
Ingeborg Vårdal
Øystein Havsgård

Frå Bergen Vann:

Sandra McCarley
Siran Gebhard
Döpper
Stig Lykken Nygård
Rune Frederich

Frå Fylkesmannen i Vestland:

Sissel Storebø
Anette Heggøy

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved avløpsanlegga i Os tettstad den 12. oktober 2020. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland avdekka 3 avvik under inspeksjonen.

Avvik:

- Verksemdas internkontroll har manglar
- Dokumentasjon på overløp er mangelfull
- Overføring av avløpsvatn frå Solstrandområdet til OHARA er ikkje oppnådd innan fristen i løyvet.

Avvika er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Anette Heggøy
overingeniør

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Kopi til: Bjørnafjorden kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: BJØRNAFJORDEN KOMMUNE SAMFUNNSUTVIKLING	
Organisasjonsnr.: 894735252	Eigd av:
Bransjenr. (NACE-kode): 84.130 - Offentlig administrasjon tilknyttet næringsvirksomhet og arbeidsmarked	

Kontrollert eining

Namn: Os tettstad	Anleggsnr.: 4624.0020.02
Kommune: Bjørnafjorden	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Avløpsnett og -rensing	
Løyve gitt: 7. januar 2016	Sist endra: 23. august 2018

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og produktkontrollova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Avfall
- Prosess og reinseutstyr
- Kjemikaliar
- Utslepp til vatn

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Bjørnafjorden kommune pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Bjørnafjorden kommune innan 31. desember 2020 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Anette Heggøy.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 17. september 2020. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Bjørnafjorden kommune betale eit gebyr på kr 26 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemdas internkontroll har manglar

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 4 og 6
- Utsleppsløyve av 23.8.2018 punkt 2.1 og 2.3.7

Kommentarar til regelverket:

Internkontrollforskrifta gir reglar om kva arbeidet med det systematiske HMS-arbeidet skal omfatte, og kva som skal dokumenterast skriftleg.

Mål for helse, miljø og tryggleik

I samsvar med internkontrollforskrifta §5 andre ledd punkt 4, skal det fastsetjast mål for helse, miljø og tryggleik for verksemda. I løyvet punkt 2.3.7 er det krav om fastsetjing av mål og tidfesting av delmål for å etterkoma krav til funksjon for avløpsanlegga. Måla må vera realistiske og målbare i samsvar med verksemdas risikovurderingar og må følges opp aktivt og på ein systematisk måte.

Miljørisikovurderingar og handlingsplanar

I samsvar med løyvet punkt 2.1 og internkontrollforskrifta §5 andre ledd punkt 6, skal det gjennomførast miljørisikoanalyse av verksemda. Analysen skal kartlegge tilhøve knytte til avløpsanlegga som kan føre til forureining, og på bakgrunn av dette vurdere risiko. Risiko som overskrid akseptkriterier skal følgjast opp i ein forpliktande handlingsplan og tiltak skal gjennomførast for å redusera risikotilhøva. Vurderingane skal oppdaterast jamleg og ved vesentlege endringar.

Løyvet stiller vidare spesifikke krav om at det i samband med bygging av nytt hovudreinseanlegg, vert gjennomført nye risiko- og sårbarheitsvurderingar for anlegga.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Mål for helse, miljø og tryggleik

Overordna mål og langsiktige delmål for avløpsarbeidet i tettstaden er presentert i Bjørnafjorden kommune sin kommunedelplan avløp 2016-2027, datert 20. desember 2016. Det er ikkje definert meir detaljerte, målbare målsettingar.

Miljørisikovurdering og handlingsplanar

Miljørisikovurdering

Miljørisikoanalysen for avløpsanlegga er ikkje oppdatert. Kommunen manglar ei samla risikovurdering som tek for seg alle delar av avløpssystemet.

Bjørnafjorden kommune si miljørisikovurdering for avløpsanlegga er frå 2015. Det er ikkje utført nokon fullverdig risikoanalyse for anlegga sidan då. Følgjande er utført av risikovurderingar sidan 2015:

- Risikovurderingar i beredskapsplan for vann og avløp (Bjørnafjorden kommune)
- Risikovurdering av prosessenhetene på OHARA (Bergen Vann)
- Kjemikalievurdering inklusiv substitusjonsvurdering av kjemikalier på REACH-lista (Bergen Vann)
- Vurderingar av risiko og sårbarheit er lagt til grunn for kommunens inndeling av driftsalarmar frå pumpestasjonane i A -alarmar (mest akutt)- og B-alarmar.

Bergen Vann informerte om at det er starta ein prosess med å oppdatere miljørisikoanalysen for avløp i Bergen kommune. Analyseverktøy i ArcGIS vil nyttast i dette arbeidet, og resultatdokumentet av analysen vil vera kartbasert. Bjørnafjorden kommune og Bergen Vann ser for seg å nytte same metodikk ved utarbeiding av ny oppdatert miljørisikoanalyse for Os tettstad.

Fylkesmannen tilrår elles at Norsk Vann rapport 197/2013 « Avløpsanlegg – vurdering av risiko for ytra miljø» blir nytta som rettleiing ved oppdateringa av miljørisikovurderinga.

Handlingsplanar

Årlege planar for avløpsarbeidet i tettstaden kan lesast ut av økonomiplan årleg.

Bergen Vann utarbeider årsplanar for driftsprosjekta i forkant av budsjetthandsaming i kommunen. Årsplanane omfattar både faste rutineoppgåver og andre naudsynte driftsprosjekt/arbeidsoppgåver.

Planlagde større arbeid på avløpssida, som saneringstiltak og oppgraderingar, er samla i handlingsplanen i kommunedelplan for avløp 2016-2027. Det går fram av kommunedelplanen at planen skal vere eit levande dokument som til ei kvar tid er retningsgivande for prioritering av tiltak. Det er vidare nemnt at planen bør rullerast kvart 4. år. Handlingsplanen er ikkje oppdatert sidan 2016. Kommunen bruker planen og prioriteringsrekkefølga i planen aktivt ved årleg budsjettarbeid.

Kommunen arbeider med ein planstrategi for kommunen, som skal ferdigstillast til nyttår. Behov for oppdatering av kommunedelplanen for avløp er spelt inn, men ein veit endå ikkje om innspelet vert tatt omsyn til i den endelege planstrategien.

Avvik 2

Dokumentasjon på overløp er mangelfull

Avvik frå:

- Løyvet punkt 2.2.3 og 14.2

Kommentarar til regelverket:

Utsleppsløyvet punkt 2.2.3 stiller krav om at driftstida på alle overløp skal registrerast eller utreknast for eit dimensjonerande år. Dei samla mengda utslepp via overløp skal vera under 2 prosent over året innan 31. desember 2020.

I utsleppsløyvet punkt 14.2 skal det årleg rapporterast korleis avløpsnettlet fungerer, inkl. driftstid eller mengde avlasta for overløp og utrekning av innlekking og utlekking.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Det er to regnvassoverløp i Os tettstad (ved Kolabakkane og Idrettsvegen). På grunn av utfordringar knyta til måleutstyr og måleløysingar ved desse to overløpa, fekk kommunen ikkje utført målingar på regnvassoverløpa i 2019. Dette vil heller ikkje vere på plass i 2020. Kommunen arbeida med å finne løysingar på dette.

Det er ikkje angitt teoretiske estimat på driftstid på regnvassoverløpa eller rapportert vurderingar rundt korleis ein meiner ein ligg an samanlikna med funksjonskravet for overløp gitt i løyvet.

Avvik 3

Overføring av avløpsvatn frå Solstrandområdet til OHARA er ikkje oppnådd innan fristen i løyvet.

Avvik frå:

- Løyvet punkt 2.3

Kommentarar til regelverket:

Fylkesmannen har gitt unntak frå sekundærreinsekravet for utslepp av avløpsvatn frå Os tettstad, jf. forureiningsforskrifta § 14-8. Avløpsvatnet for Os tettstad skal gjennomgå primærreinsing før utslepp til Bjørnafjorden, jf. forureiningsforskrifta § 14.2 og tabell 2 i løyvet. Reinsekrava for Os tettstad skal vere oppfylte seinast innan 31. oktober 2019. Primærreinsing for området Halhjem skal vere oppfylt seinast 31. desember 2021. Avløpsvatnet frå Halhjem reinseanlegg skal overførast til OHARA.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Overføring av avløpsvatn frå Solstrand- området til OHARA er ikkje oppnådd innan fristen i løyvet. Forholdet er å anse som eit brot på kommunens utsleppsløyve. Fylkesmannen har ikkje myndigheit til å forlenge fristane om etablering av primærreinsing i løyvet. Utbygging av bustad- eller hytteområde (>50 pe) innanfor avløpssonen til desse reinseanlegga vil vere eit brot på løyvet.

Det vart på tilsynet opplyst at arbeidet med å etablere ny pumpestasjon som skal erstatte reinseanlegga ved Solstrandfjora og Solstrand hotell (kommunale slamavskiljarar) er i prosjekteringsfase, og at ein ser for seg bygging i perioden 2021/2022. Fylkesmannen oppfordrar kommunen om å leggje til rette for at også det private anlegget ved Moldegård (som også er omfatta av kravet om primærreinsing), kan koplast på kommunalt nett.

Ved tilsynet vart det også opplyst at arbeidet med å overføre avløpsvatn frå Halhjem til OHARA er satt i gang, og at den første av 3 entreprisar vart tildelt entreprenør våren 2020. Overføringa er venta ferdig om ca. 1,5 år. Fylkesmannen gjer merksam på at skissert framdrift medfører at fristen om overføring i løyvet vil bli overskriden. Dersom skissert framdrift vert realisert vil dette resultere i eit brot på løyvet.

7. Andre tilhøve

Status for etablering av primærreinsing i tettstaden

Nytt hovudreinseanlegg OHARA vart sett i drit 4. november 2019, og vil vere i prøvedrift ut 2020. Kommunen skal deretter overta anlegget frå leverandør Krüger-Kaldnes.

Reinseanlegga ved Oselv og Kuhnlevika er nedlagt og overført til OHARA. Overføring av avløpsvatn frå Halhjem og Solstrandområdet står att, men er under arbeid.

Organisering

Bergen Vann har ein avtale om drift av reinseanlegga i Bjørnafjorden kommune. Kommunen sin oppgåver innanfor VA er dermed i hovudsak sakshandsaming og kontakt ut mot publikum. Ansvar for oppfølging av krav i utsleppsløyvet er delt mellom kommunen og Bergen Vann. Oppfølgingsmøter mellom kommunen og Bergen Vann vert gjennomført kvar 6. veke.

Bergen Vann sørger for vaktordning for driftsovervakning av anlegga (totalt 24 personar i vaktordninga). Kommunal vakt tek i mot meldingar frå publikum (totalt 12 personar i vaktordninga).

DIHVA bistår kommunen med driftsassistanse og etablering av akkreditert prøvetaking.

Driftsstabilitet

Drifta ved OHARA er svært stabil og reinsekrava er i 2020 nådd med god margin. Det har vore enkelte mindre utskiftingar av komponentar på anlegget etter oppstart. Tilførslane til anlegget er stabile og kjem inn til reinseanlegget i hovudsak via ein stor pumpestasjon – P2. Det nyttas polymer i reinseprosessen under prøvedrifta, men Bergen Vann meiner det er sannsynleg at anlegget ville klart kravet også utan tilsetjing av polymer.

Ved Halhjem er det teke ut 12 stikkprøver i 2020. Prøveresultata oppnår ikkje krava til primærreinsing. Bergen Vann vurderer at mange av prøvene ikkje kan reknast som representative, då prøvetakingsmetoden ikkje er god nok. Då anlegget snart skal sanerast er det ikkje prioritert å installere mengdeproporsjonale prøvetakarar ved anlegget. Uttak av 21-26 tonn tørt siltgods årleg indikerer at anlegget reinsar ganske bra.

Akkreditert prøvetaking

Prosessen med å etablere lovpålagt akkreditert prøvetaking ved OHARA er godt i gang, og ein ventar at anlegget vert akkreditert om lag i mars 2021.

Leidningsnett og pumpestasjonar

FDV vert nytta til kartlegging og oversikt over leidningsnett og tilstand, registreringar og planlegging av driftsoppgåver. Alle rutinetilsyn ved pumpestasjonar er også lagt inn i systemet med tilsynsfrekvens. TV-køyringar vert gjennomført regelmessig på leidningsnett som er planlagt rehabilitert etter handlingsplanen i kommunedelplan for avløp.

Det vert jobba med å få overført avløpsanlegga i gamle Fusa kommune inn på same driftsovervakingsprogram som gamle Os kommune.

Det er installert mengdemålarar (nivå og tid) på alle pumpestasjonar. Alle nye pumpestasjonar har krav om buffertank.

Kartlegging av framandvatn

Bjørnafjorden kommune har dei siste åra jobba systematisk med kartleggingsprosjekt av framandvatn på leidningsnettet i tettstaden. Arbeidet vert utført av kommunen og Bergen Vann i samarbeid, der kommunen gjer den økonomiske prioriteringa. Utvalde områder vert kartlagt ved å plassere ut vassmengdemålarar og samanlikne målingar med nedbørsstatistikk. Det er starta ein prosess med å kjøpe inn nedbørsmålarar til kommunen for å få eit meir presist, lokalt datagrunnlag å arbeide ut frå.

Områda som blir valt ut og prioritert for kartlegging er område der ein kjenner til at det er mykje framandvatn, der ein har utfordringar med kapasitet eller er planlagt utbygging. Utbetringar av leidningsnett vert gjort kontinuerleg der ein har funn. Etter at utbetringar er utført vert det utført ny kartlegging for å vurdere tiltaka si effekt.

Klimatilpassing

Planavdelinga har fått utarbeida ein klimarapport for kommunen – «KLEM Klima- , Energi- og Miljøplan for Os kommune». Det vert arbeida med å forenkle denne til ein framdriftsplan for politikarane i kommunen.

Det stilles krav om vurdering av lokal overvasshandtering for alle utbyggingsprosjekt i kommunen. Det vert arbeida kontinuerleg med å sanere attverande felleisleidningar i kommunen og redusere framandvatn til leidningsnettet.

Bjørnafjorden kommune sin overvassnorm er planlagt oppdatert. Kommunen tek då sikte på å lage ein eigen overvassnorm for VA.

Overvaking av resipient

Bjørnafjorden kommune får gjennomført resipientovervaking gjennom programmet «Resipientovervåking av fjordsystemene rundt Bergen 2017-2020» utført av Rådgivende Biologer, og vil delta også i neste overvåkingsperiode for programmet 2021-2025. Ny overvåkingsrunde for alle prøvepunkt er planlagt i 2022.

Kurs i forureiningsforskrifta kapittel 13

Personell hos Bjørnafjorden kommune ønskjer rettleiing frå Fylkesmannen når det gjeld oppfølging av kapittel 13- anlegg. Kommunen sender Fylkesmannen ei liste over tema/spørsmål for vidare oppfølging av dette.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)

- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen